



---

## Notat

---

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Arthur Kleiveland  
Vår referanse: 14/1134 - 21 / FE - 000, HistSak - 12/269  
Dato: 23.01.2015

---

**Emne: Spørjetimen 30. oktober 2014 - Spørsmål og svar**

## Spørsmål og svar i Spørjetimen 30. oktober

### Spørsmål til spørjetimen - Frode Hervik, Radøy Venstre

#### Skilting i Radøy kommune

Mange stader i kommunen verkar skiltinga noko utdatert og mangelfull når det gjeld kvite vegvisningsskilt til servicetilbod og andre verksemder. I Manger sentrum er det til dømes skilt til biblioteket, men ikkje til Radøyhallen og idrettsbanen Grønålen frå Radøyvegen. I same kryss burde også vore skilta Daglegvarer til Rema1000. I krysset i Radøyvegen ved Coop står det skilt til spisestad, sjølv om det ikkje er spisestad lenger. Her kunne det derimot stått skilt til Prestmarka barnehage. Manger skule er heller ikkje skilta frå Radøyvegen, og det same gjeld tannlegepraksisane. I eit kommunesenter er det viktig med informative skilt som er oppdaterte, både for å gi korrekt og god informasjon og for å vise kva som finst av tilbod og verksemder i kommunesenteret. Det finst andre døme i kommune også. Radøygruppen er største bedrift på Radøy, men i Storheimskrysset står det ikkje noko skilt til Radøygruppen markert med industriområde, noko det absolutt burde vore. Det finst heilt sikkert også mange fleire døme, og det ser ut til å vere behov for ein gjennomgang av skiltbehova.

#### Spørsmål:

Vil rådmannen ta initiativ til ein gjennomgang av behov for kvite visningsskilt med sikte på å få på plass informative skilt som gir korrekt og god informasjon innanfor, og deretter ta saka vidare til Statens vegvesen?

#### Svar

---

Ordførar tillet seg å svara, då eg og Kenneth Murberg hadde siste årlege møte med SVV (eg ber om eit årleg møte med dei, og rådmannen skulle deltatt, men vart på kort varsel forhindra, og Kenneth var i nærleiken og omprioriterte). Me tok opp ein del skiltproblematikk, og spesielt Manger. Der var dei imøtekomande til å sjå på ei betre skilting. Industriskilt Storheimstø vart ikkje tatt opp,- dette sender me oppfordring om. Men, eg vil framheva at me ba dei prioritera Storheimstø-avkøyrsla som eit akutt TS-tiltak,- avkøyringa frå sør er ei av dei største trafikfellene me har.

### **Spørsmål til spørjetimetimen – Arild Tveranger, Radøy Frp**

Fylkesvei 565 over Radøy er i ein svært dårleg forfatning. På nedsida av Austebygd skule er det ikkje lenge til før det veltar ein bil ned på jordet til Odd Gjerde. Utover Skoltedalen synker veien kvart år i myra, og inne på Kjeseth er veien stengt pga. flaum i regnver og billistar har blitt ståande pga øydelagte motorar.

Dette er ei skam å ha det slik, når folk, skulebussar bruker denne veien dagleg for å komme seg på jobb og skule. Radøypolitikarane må aktivt ta kontakt med veimyndigheitene og fylket for utbetring snarest på denne fylkesveien. Det blir lenge til at nyvegen Soltveit-Tolleshaug vil komme til oss, og me politikarar må ta tak i å utbetre standarden no. Veien held ikkje mål og er på disp. for tyngre kjøretøy. Det er også dårleg HMS-politikk.

Dette tema har vore oppe tideligare, og spørsmålet om betre vei på Radøy generelt, vil bli eit heitt tema framover. Gode vegar gir utvikling for oss alle. og betaler seg skjølv fleire gonger.

### **Svar:**

Konstateringa om at denne fylkesvegstrekinga er dårleg er det så til dei grader semje om, at hadde det vore opp til Radøy-politikarane, så hadde nyevegen vore i bruk no.

Spørsmålet er irrelevant. Nordhordlandspakken er no til handsaming i fylkestinget og deretter til vedtak i nasjonale styresmakter. Vegprosjektet på Radøy er førsteprioritet, og har godkjend planstatus, så innsatsen må rettast der.

Vegeigar Hordaland fylkeskommune er kjend med vegstandarden, og dei gjer sjølv sagt mindre tiltak, men større arbeid kan me sjå vekk frå at dei gjer.

Det er det politiske svaret, eit praktisk tilsvar kan vera at eg rår til at spørsmålet følgjer med i vurderingane på trafikksikringsplanen, som no er under utarbeiding. Høyringsrunden er avslutta, men eg kjenner til at det er kome innspel til skulevegen rundt Austebygd skule.

### **Spørsmål spørjetimen – Martin Soltveit**

Radøy kommune hadde ein godkjent reguleringsplan for Olsvollstranda som dekkar område nord for Radøygruppen sitt bygg, her er det seld fleire industritomtar og det er interesse for å kjøpa meir av arealet.

I kommunestyret 18. september vedtok kommunestyre ny reguleringsplan for Olsvollstranda, denne planen gjeld for område både nord og sør for Radøygruppen sitt bygg. Konsekvensen av dette vedtaket vart att rekkefølge kravet vart gjeldane for heile

område, det vil seia at det ikkje kan oppførast bygg på tomtane før nytt kryss mot fylkesvegen er etablert.

-Kva vil Radøy kommune gjera for at det ikkje vert konsekvensar for dei som har kjøpt, og vil kjøpa areal innanfor den gamle reguleringsplanen?

**Svar:**

Kommunestyret fatta vedtak om ny reguleringsplan for Olsvollstranda industriområde 18.09.14. Ny plan erstattar gamal reguleringsplan frå 1973 og gjeld for heile industriområdet.

Reguleringsplanen har rekkefølgjekrav som vil få verknad for søknadspliktige tiltak som vert søkt om etter 18.09.14. Det er blant anna krav til opparbeiding av vegkryss, interne vegar og fortau og utarbeiding av VA-rammeplan.

Det er likevel ikkje slik at det er krav til å opparbeide kryss før det kan opparbeidast nye tomter eller oppførast bygg på nokon tomt i området. Rekkefølgjekravet for opparbeiding av nytt kryss gjeld kun for tomtar sør i området. Tomtane nord i området kan opparbeidast og byggast på før ny avkjørsle er på plass.

I føresegnene pkt. 2.3.5 er det følgjande krav:

*Interne tilkomstveger og tilhøyrande fortau fram til og med avkjørsle til det aktuelle føresegnsområdet skal vere ferdigstilt i tråd med gjeldande plankart før det kan gjevast bruksløyve/ferdigattest for tiltak innanfor føresegnsområdet.*

Dette har den konsekvens at opparbeiding av fortau og veg i samsvar med plan vil måtte skje heilt frå avkjørsle til aktuell eigedom og til eksisterande kryss mot fylkesveg.

Rådmannen vurderer det slik at dette ikkje ein tilsikta verknad av planen. Rekkefølgjekrav bør derfor vore avgrensa til veg som må opparbeidast som tilkomst til nye eigedomar og ikkje gjelde veg som allereie er opparbeid. Rådmannen har informert Formannskapet om dette i siste møte 14. 10.14. Sak vil bli fremma sak om reguleringsendring av føresegnene pkt. 2.3.5. Saka vert sendt på høyring innan utløp av oktober og ein tek sikte på endeleg handsaming i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk 17.12.14.

**Spørsmål til spørjetimen – Birthe H. Frotaule, Radøy Venstre Buskur på Manger**

På Toskavegen ved Urhaugen/Selfallet er det av dem som bor der uttrykt et ønske om å få etablert et buskur. Mange ungdommer venter på bussen der i all slags vær. Det samme gjelder ved Langhøyane/Huldredalen. Etablering av buskur bør prioriteres ved de største byggefeltene i kommunen, og det bør sjekkes ut om det er behov andre steder også.

**Spørsmål:**

Er det mulig å få etablert to buskur ved Toskavegen, et ved Urhaugen/Selfallet og et ved Langhøyane/Huldredalen innen rimelig tid?

**Svar:**

På grunn av at spørsmålet kom seint, vart tida for knapp til å få utarbeidd skriftleg svar. Rådmannen svara at administrasjonen skal ta spørsmålet med seg vidare.

## **Spørsmål til spørjetimen – Tore Kvalheim**

Ordfører

Slik jeg ser det er det framkommet i den siste tiden en annen form for saksgang og vedtak, mine spørsmål er relatert til faktum.

### **Spørsmål 1**

Det framkommer i tekst " planen er vesentlig endret men har ikke vert sent til høring, i påfølgende møte vart klagesaker behandlet". Hvordan kan noe klage behandles da saken ikke har vert til høring?

### **Spørsmål 2**

Det framkommer i tekst et nytt begrep innafor PLB " indirekte godkjent".

Kan nå saker i planutvalget og kommunestyret vedtas som "indirekte godkjent " og hvor mye skal ansees som inngrep i en sak før den er godkjent? Hvor er denne "indirekte godkjent" hjemlet?

Tore Kvalheim trekte spørsmålet sitt i spørjetimen.